



Ella Karina strør sukker på melkekakene. Her saman med venninna Emma M. Ripel.

Dei fekk seg ei kjekk og velsmakande overrasking den store flokken som var på dugnad for å gjere klar til morgondagens Aktivitetsdag i båthamna. Litt over klokka 7 kom nemleg Ella Karina Hjørnevåg og spanderte kjempegode melkekaker på alle som gjorde ein innsats.

Melkekakene var skikkeleg gode, og naturleg nok var det mange som rosa kvaliteten. Til det kunne Ella Karina fortelje at det var besto som hadde laga dei. Populært og kjekt var i alle fall tiltaket for den store og humørfylte dugnadsgjengen.

På det tidspunktet var i overkant av 30 i arbeid for å gjere klart til morgonsdagens store familiedag som startar kl.11. Med dei vermeldingane som er, blir det ein flott dag for både store og små slik det har vore dei føregåande åra.



Knut Johannes Ripel og Kjell Erik Taranger vart servert melkekaker ute i det flytande målområdet for nyskapinga Trø te sjøs.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.